

Vil ikkje ha fleire omkar

■■ Politisk kamp ■■ Sikra med skreder ■■ – Bru er framtida



BØN: – Kommunestyret må nogjera vedtak slik at me slepp fleire omkarpar, sa Einar Målsnes, her i samtale med Bjørg Bjøberg.



ENGASJERER: Balestreningane er opptekne av korleis dei kan få ein trygg vinterveg frå sentrum og til Tjugum-sida.



BEST: Skissa viser korleis ei 750 meter lang bru i bygd i ei kurve vil sjå ut i landskapet. Kommunestyret har tidlegare at brua er vel 100 millionar kroner billigare enn ein lang tunnel mot skredene inn mot Esebotn.

BALESTRAND: – Eg håpar det ikkje vert nye omkarpar, sa Einar Målsnes.

Den tidlegare kommunepolitikaren og ordførar var den einaste av dei som hadde ordet, som fekk applaus frå salen då balestreningar møttest for sjå korleis dei kan frå rassikker veg frå Holmen til Dragsvik. Nordplan AS er engasjert av kommunen til å greia ut kva alternativ som vil vera best, og ikkje minst kor mykje det vil kosta.

Fem tiår

Balestreningar har i 50 år stått på for å kunna køyra sikkert

utan å risikera å verta tekne av skreder.

– Dei eldste i salen veit det har vore ein kamp i 50 år. Eg har ei bøn til kommunestyret. No må de landa. Me vil ikkje ha fleire omkarpar, sa Målsnes. – Esefjorden og Esebotn er eit attraktiv område både for dei i båt, gåande og syklande.

Tvilar ikkje

Varaordførar Frode Bøthun er ikkje tvil kva løysing som vil vera best.

– Bru er framtida. Kommunestyret har vedteke at ei bru er hovudalternativet. Ei utfordring er at kostnaden med å utbetra vegen på nordsida av Esefjorden, får me ikkje dekt av midlar til rassikring, seier

Bøthun.

Den rasfarlege vegen ligg i dag som nr. 5 på lista for kva vegar som må få midlar til å verta sikra. I desember 2017 skal fylkestinget vedta den regionale vegplanen.

– Mange ynskjer å få denne 5.-plassen. Me må konkurrera om rassikringspengar med andre prosjekt. Det vert ein politisk kamp som Balestrand må ta, sa Bøthun.

Kommunestyret får kommunedelplanen for Esefjorden i mars 2017. Planen vil verta lagd ut på høyring før kommunestyret får saka til vedtak.

– Difor er det viktig at me får høyra kva balestreningane meiner, kva er realistiske ynskje, men me er òg klar over

at ynskja er ulike i kommunen, sa Bøthun.

Trudde eller frykta

– Eg kan ikkje seia om eg er for eller mot bru, men det ser ikkje så ille ut som eg trudde eller frykta, sa Bjørg Bjøberg.

– Bruplasseringa var gjeve i planprogrammet, svara Øyvind Sødal frå Nordplan på spørsmål frå Helge Pedersen.

Fleire i salen hadde spørsmål om det korleis det vert med støy med ei bru, og fekk opplyst at støymålingar skal gjerast.

Bru og turistar

– Ein fantastisk plan, men eg er meir usikker på kva følgjer ei bru får for reiselivet, sa Sigurd Kvikne. Han sa Balestrand

opplever sterk vekst, og tek nye marknader.

– Me lever av naturen. Eg er usikker på kva ei bru får å seia for turistar. Ei bru kjem midt i merkevara Balestrand, sa Kvikne.

Opne møte

– Det er viktig å få innspel tidleg i planprosessen før planen skal ut på høyring. Opne møte vil me òg ha der me skal gå gjennom alternativa, sa Arne Abrahamsen, kommunalsjef for tekniske tenester.

Kommunedelplanen handlar om å utbetra og rassikra Fv. 55 rundt Esefjorden. Måndag kveld var det møte på Kviknes Hotel der Øyvind Sødal, Nordplan AS, presenterte arbeidet

– De må tora å velja

BALESTRAND: Politkarane må velja mellom bru eller ein lang tunnel.

– Det står å velja mellom to alternativ, og de må tora å velja. Det vil ta alt for lang tid å vurdere åtte alternativ, sa Øyvind Sødal, Nordplan AS då han presenterte arbeidet med forprosjektet som ligg til grunn for planen for korleis dei skal få ein rassikker veg til og frå

kommunesenteret.

Kommunedelplanen handlar om å utbetra og sikra Fv. 55 mot ras rundt Esefjorden.

To alternativ

– Hovudalternativet er bru over Esefjorden, men alternativet er å utbetra eksisterande veg og rassikra vegen rundt Esefjorden, sa Sødal, og tok folk i salen med seg på dei ulike alternativa som er vurdert.

Ei kurva 750 meter lang

bru over fjorden frå Storesva til Gjerdsviki. Nordplan viste teikning av brua med 10 meter seglingshøgde, men dei har òg rekna på seglingshøgde på 15, 20 og 25 meter.

– Kystverket ynskjer å greia ut dei fire ulike høgde, men dei har ikkje konkludert kor høg seglingshøgde dei vil ha, opplyste Sødal.

Lang tunnel

Det er òg vurdert tre vegalter-

nativ korleis vegen rundt Esefjorden kan utbetrast med rassikringstiltak.

Det er ein 850 meter tunnel med 300 meter rasoverbygg er kostnadsrekna til 488 millionar kroner, 1.320 meter lang tunnel med 150 meter rasoverbygg kostar 440 millionar og å utbetra eksisterande veg og byggja ein 900 meter lang lausmasse-tunnel er kostnadsrekna til 488 millionar kroner. I dei tre alternativa ligg gang- og sykkel-

veg inne. Vel ein å gå for tunnel, kostar det 121 millionar kroner å utbetra vegen rundt Esefjorden. Desse millionane må kommunen henta frå ein annan budsjettpost enn rassikring.

– Alternativet med under-sjøisk tunnel er forkasta. Det er urealistisk, understreka Sødal.

mpar



vedtekte at dei vil ha bru, og planen viser (Skisse: Nordplan AS)



UREALISTISK: – Alternativet undersøisk tunnel vart tidleg lagt bort. Det er urealistisk, seier Øyvind Sodal i Nordplan AS.

med forprosjektet som skal ligga til grunn for planen.

Det vert vist alternative løysingar for bru og for vegutbetring i kombinasjon med rassikring/tunnel. I alt har konsulentfirmaet vurdert åtte ulike alternativ.

Klar tilråding

Nordplan rår til å byggja ei stål-kassebru med 15 meter seglingshøgde til 361 millionar kroner, og set brua opp mot ein lang tunnel til 488 millionar kroner.

Sigrd Svartefoss

sigrd.svartefoss@sognavis.no

Høyr på møtet

Er det teke med å sikra smårasa på nordsida av Esefjorden?

Harald Tjugum

Kva med vedlikehald av vegen rundt Esefjorden dersom me vel bru?

Gunnar Vervik

Rassikringsmidlar får me berre til å sikra vegen på sørsida av Esefjorden. Dei 121 millionar kronene til å utbetra vegen på nordsida må me finna i eit anna budsjett. Det er viktig faktaopplysing.

Frode Bøthun

Legg de gang- og sykkelveg ned i strandsona, vil ein rasera strandsona.

Ole Bjørn Ese

Minus med ei bru er mykje støy i sentrum.

Roar Grøneng

Med bru vert det kortare å køyra. Kor stor er miljøvinsten?

Trond Kråvik

Eg vil gjerne sjå alternativ bru lyssett.

Kjetil Netland

Berre det ikkje går 20 år før me får ny og sikker veg.

Arvid Hagen

Usemjje om gjerdesaka

KAUPANGER: Det rår ulike oppfatningar kring gjerdeutfordringa ved gravplassen på Kaupanger.

At det beitar geiter inne på gravplassen på Kaupanger og rotar til på gravene opprører også Per Hilleren.

– For det første beklagar eg at folk skal måtte oppleva dette på kyrkjegarden. Det er uverdige og støytande for pårørande, seier Per Hilleren, leiar i Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellelsråd.

Ikkje kyrkjekontoret

Men samstundes føler han at dei ikkje kunne ha gjort så mykje meir i saka.

– Me hadde eit møte med Knagenhjelm 3. mars. Me skulle ta kontakt med Sogndal kommune om gjerdemateriell, og det vart gjort dagen etter. Kommunen skulle ta kostnadene med gjerdet og Knagenhjelm skulle setja det opp og dette var det semje om hjå alle partar, seier Hilleren, og legg til:

– Kvifor det ikkje vart gjort noko med, må andre enn kyrkjekontoret svara for, seier Hilleren.

Lovnad

I saka som stod på trykk i Sogn Avis 22. september hevda Christoffer Knagenhjelm at kyrkjekontoret skulle ta ansvaret.

Men Hilleren meiner dei har vore imøtekomande, teke ansvar og skaffa dialog mellom Knagenhjelm og kommune, og at kommunen kom med lovnad om å dekkja kostnadene.

– Det er ikkje så mykje meir me kunne ha gjort med det, seier Hilleren.

Han tykkjer det er veldig



PROBLEM: Geiter inne på kyrkjegarden ved Kaupanger stavkyrkje har vore eit tilbakefallande problem.

leitt at pårørande opplever dette, og at det ikkje skal vera slik på ein kyrkjegard. Samstundes minner han om ansvaret dyreeigarar har.

– Når du er dyreeigar har du eit ansvar for å halda dyra dine på plass, og ha tilfredsstillande gjerdingar, seier Hilleren

Har halde avtalen

Christoffer Knagenhjelm som representerer Kaupanger Hovedgård, hevdar dei har halde sin del av denne avtalen, og at uttalen frå Kyrkjekontoret må stå for Per Hilleren si eiga rekning.

– Det stemmer at me har hatt dialog og gjort ein avtale. Avtalen gjekk ut på at me skal setja opp gjerding rundt kyrkjegarden. Men ikkje før entreprenøren var ferdig med sitt arbeid. Eit arbeid som etter planen skulle vore ferdigstilt før sommaren. No er dette arbeidet utsett til neste år. Entreprenøren skulle sjølv setja opp ein mellombels gjer-

ding sidan dei dreiv anleggsdrift. No har me likevel sett opp gjerding på området. Me vonar me har fått sett ein stoggar på problemet, seier Knagenhjelm.

Muren rasar ut

Bakgrunnen for at kyrkjekontoret og Riksantikvaren har engasjert entreprenør, er at eine muren kring kyrkja på Kaupanger held på å rasa ut.

– Nedanfor muren har Kaupanger Hovedgård beitemark for geiter. Desse geitene har tatt seg opp på kyrkjegarden når det ikkje har vore tilstrekkeleg gjerding oppsett frå entreprenøren. Me synest det er leitt det er blitt slik. Me trudde me hadde ein avtale med kyrkjekontoret på dette. Eg vonar det kan bli sett eit punktum i denne saka no, då dette er leitt for alle partar, avsluttar Knagenhjelm.

Håvard Nesbø
og Keth Øren
hn@sognavis.no

Styrkjer skisentersatsing

SOGNDAL: Har behov for ny trakkemaskin.

Styret i Sogn Næring løyvde 100.000 kroner frå næringsfondet til Sogndal kommune til ny trakkemaskin i Hodlekve, i eit møte 22. september. Sogndal skisenter Hodlekve er i tingingar om ei brukt maskin frå Beitostølen frå 2011 som er i svært god stand. Maskina kostar om lag 1,5 millionar kroner.

– Trakkemaskina er utruleg viktig for å oppretthalda satsinga på langrennsløyper i området, men det er eit stort gap mellom inntekter og utgifter knytt til preparering av løyper, seier avtroppande dagleg leiar på skisenteret Cecilie Marese Grendahl i ei pressemelding.

Sogningar kan velja mellom Sogn skisenter eller Sogndal skisenter når pudderalarmen går. «Sognapasset» som er eit felles skikort for begge skisentera gjer dette mogeleg. No vil skisentra bruka tid

saman for å finna nye område å samarbeida på. Sogndal kommune støttar initiativet til samarbeid, og løyver 40.000 kroner til arbeidet, under føresetnad av at Luster kommune gjer det same.

– Målet er å få til auka samarbeid mellom skisentera, seier Per Odd Grevsnes, dagleg leiar i Sogn Næring og Sogndal skisenter.

– Me samarbeider i dag godt på marknadsføringssida, og erfaringane frå dette samarbeidet dannar eit godt utgangspunkt for også å kunne jobba saman på andre felt, til dømes om framtidige aktivitetar på sommaren. Me ser med spenning på utviklinga av stisyklingsløyper som no blir bygde på Heggmyrane. Det å kunne utvida aktivitetstilbodet til barmarksaktivitetar vil vera viktig i tida som kjem for begge skisentera.

Grevsnes fortel til Sogn Avis at Sogn Næring er blitt engasjert for å ivareta dagleg leiarfunksjonen ved Sogndal

skisenter Hodlekve, ei oppgåve Grevsnes skal ta på seg denne sesongen.

Keth Øren
keth@sognavis.no

Fakta:

Næringsfond-løyvingane i 2016 er slik:

- Knaken v/Christoffer Knagenhjelm, kompetanseheving, 10.000 kroner.
- Bremuseet, kronprinsen på besøk, 10.000 kroner.
- Kaupanger Næringsforeining, 50.000 kroner.
- Liseter&Loftesnes v/ Ståle Loftesnes, Amla langbord, 40.000 kroner.
- Brevasshytta – kompetanseheving, 10.000 kroner.
- Visit SF - Samling av bilete, 25.000 kroner.
- Sogn Næring - Kurs, gründeraktivitetar, 15.000 kroner.
- Bratt moro - Outdoor nettverk, studietur, 30.000 kroner.
- Sogn Næring – Skisentersamarbeid, 40.000 kroner.